

# DO RE MI - HAUST 2018

- Eit barne- og ungdomskor for born frå 5 år til 10. klasse i ytre Fjaler
- tilslutta *Ung Kyrkjesong*
- Dirigent kantor Mark Taylor, utdanna i barne-/ungdomskorleiing v/ Norges Musikhøgskole - Øvingar på **musikkrommet på Våge skule anna kvar onsdag.**
- kontingent for 2018 (kr 50,-) betales av nye medlemmer innan 1. okt. konto nr 3741 20 70594

kl.17.45 – 18.15 Øving for alle

kl.18.15-18.30 Pause med fri leik i gymsalen for alle

kl.18.30 Dei minste er henta. 4.-10. årssteg øver på repertoar for dei største til kl.19.00

**29. august** – oppstart og øving

**12. september** – øving

**26. september** – øving (6-åringane frå dåpsskulen vert med før pausen).

**søndag 30. september Hausttakkefest i Hellevik kapell. Utdeling av 6-årsboka.**

Oppvarming kl.13.30 Vi treng mat til festen!

Tradisjonelt stiller Do Re Mi opp med korgar med bollar, frukt og grønnsaker.

**24. oktober** – øving

**søndag 28. oktober Musikkspilet «Den bortkomne sonen» i Hellevik kapell. Oppvarming kl.10.30.**

**7. november** - øving

**søndag 18. november Konsert på sjukeheimen kl.16.30. Bading på Haugland før.**

**21. november** – øving (med 4-åringar)

**søndag 25. november 4-års gudsteneste i Folkestad kapell. Oppvarming kl.10.30.**

**5. desember** – øving

**søndag 9. desember Lysmesse i Folkestad kapell. Øving kl.18.00**

**søndag 16. des Førjuls konsert i Hellevik kapell. Oppvarming kl.15.30. konsert kl.16.00. Juleavslutningsfest for Do Re Mi i kjellaren etter konserten.**

**fredag 21. desember Do Re Mi syng på skulegudsteneste i Folkestad kapell kl. 9.00. *Store er forsongarar på julaftangudstenestene i kapella.***

**Vi bruker å ha korgenser med pins på oss ved framføringar!**

**Korregel:** Do Re Mi er eit lag - viktig at alle stiller til øving og framføring.

Gje beskjed ved fråvær!

**VIKTIG** at de melder ifrå til andre aktivitetar kva tid barna er opptatt med koret.

*Helsing Mark Taylor 57739774a 97513449m e-post: [kantor@fjaler.kyrkja.no](mailto:kantor@fjaler.kyrkja.no)  
Styreleiar Kari-Anne Skår 95141670m e-post: [kanutten@hotmail.com](mailto:kanutten@hotmail.com)*

Øvingsplanen er også lagt ut på [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)

**Barnefestivalen 2019 – på Operahuset på Eid laurdag 16. mars.**



**GRASROTANDELEN** 

**DO RE MI BARNEKOR Organisasjonsnummer: 993803030**

**Grasrotandelen er en ordning fra Norsk Tipping, hvor du som registrert spiller kan velge å støtte din Grasrotmottaker. Vi oppfordrer deg til å støtte oss i DO RE MI BARNEKOR!**

1. Ta med deg strekkoden og ditt spillerkort til en av Norsk Tippings mange kommisjonærer.
2. SMS: GRASROTANDELEN 993803030 til 2020 (tjenesten er gratis).
3. Internett: [grasrotandelen.no](http://grasrotandelen.no) eller [norsk-tipping.no](http://norsk-tipping.no).
4. Norsk Tipping Mobilspill.

Takk for at du støtter oss via Grasrotandelen!

.....

## **Nye personvernreglar frå 1. juli**

EU sine nye personvernreglar – the General Data Protection Regulation (GDPR) – blir innført etter planen i Noreg tidlegast 1. juli i år. For å drive DoReMi, må kyrkja hente inn og lagre personopplysningar og dele dei med organisasjonane Ung Kirkesang, Fjaler kommune og Brønnøysundregistrene.

Relevante personopplysningar frå deltakarar for drift av DoReMi er namn, adresse, telefonnummer, e-postadresse og fødselsnummer (både fødselsdato og personnummer) for kormedlemar og foreldre/føresette. Desse er lagra i kyrkja sin database «Kardinal», tilgjengeleg for tilsette i Fjaler sokn. Du kan ta kontakt viss du vil vite kva for opplysningar vi har om deg. Du kan også be oss om å slette desse opplysningane.

Kontaktopplysningane til føresette er delt med kasseraren i DoReMi i ei adresseliste for at kasseraren kan hente inn kontingent. DoReMi deler namn, adresse og fødselsdato med Ung Kirkesang, som lagrar opplysningar på Hypersys til innkreving av kontingent, påmelding til kortreff og søknader om frifondsmidlar.

Namn på styremedlemmer er publisert i Brønnøysundregistrene (Altinn) der koret er registrert som frivillig organisasjon. Namn på ein kontaktperson blir delt med Fjaler kommune (Frivilligsentralen og kulturkontoret) for at koret kan drive med rekruttering og marknadsføring gjennom Fjaler kommune si nettside, kulturkalender og heftet «Fritida mi».

Bilete av koret kan bli brukt i kyrkjebladet, kyrkja si nettside og/eller facebookside. Den enkelte kan reservere seg mot gruppebilete publisert i ein eller fleire av desse kanalane.

DoReMi ber også om sensitive opplysningar som er nødvendige for å gjennomføre songundervisning og eventuelle turar med kortreff/bading på ein forsvarleg måte, slik som lærevanskar, allergiar eller sjukdomar. Desse opplysningane blir ikkje delt med andre og blir sletta når du sluttar i koret.